

VEDTEKTER FOR VANG FRIVILLIGSENTRAL

§1. Føremål:

Vang frivilligsentral skal:

- Motivere til auka oppslutning om frivillig verksemd for å auke aktivitet og trivsel i kommunen med særlig vekt på innsats for dei som treng hjelp og dei som ikkje deltek på den frivillige arenaen.
- Koordinere kontakt mellom enkeltmenneske, lag, organisasjonar og det offentlege.
- Vere ein lokal møteplass der ein finn informasjon om frivillig verksemd i kommunen.
- Leggje vekt på oppretting av møteplassar på tvers av generasjonar, kulturar, etnisk opphav og bakgrunn.
- Drivast etter føringar og retningsliner frå sentrale styresmakter.

§2. Medlemer

Med medlemer meinast organisasjonar, enkeltmenneske og samanslutningar som har sitt virke i Vang kommune og som har inngått samarbeidsavtale med Vang frivilligsentral.

§3. Eigar

Vang kommune er eigar av sentralen.

§4. Årsmøte

Hovudutval for levekår er årsmøte og sentralen sitt øvste organ.

Årsmøte skal haldast årleg i slutten av mars.

Årsmøte skal vere ope for brukarar av sentralens tenester og andre interesserte og gjerast kjend på kommunen si heimeside, sentralen si heimeside, andre relevante stader og lokalpressa minst seks veker før årsmøte skal haldast. Framlegg til årsmøte må vere skriftlege og kome inn til styret fire veker før årsmøte.

Sakspapir skal førebuaast av styret ved dagleg leiar og sendast deltakarane minst ei veke på førehand.

Styret skal møte på årsmøte.

På årsmøte skal fylgjande saker handsamast:

1. Årsmelding og rekneskap
2. Budsjett og handlingsplan
3. Innkomne framlegg
4. Val av styre og vararepresentantar

§5. Styret

Styret er Vang frivilligsentral sitt øvste organ mellom årsmøta.

Styret er sett saman av 5 personar: ein leiar og 4 styremedlemer. Det skal veljast 3 vararepresentantar. Rådmannen utnemner ein kommunal (administrativ) representant som skal sitja i styret med ein personleg vara. Dei 4 styrerepresentantane og dei 3 vararepresentantane skal veljast av årsmøte blant medlemer og frivillige hjelparar.

Styret kan ta avgjerder når 4 styremedlemer er til stades. Ved stemmelikskap, tel leiaren si stemme dobbelt. Medlemer av styret skal veljast for 2 år av gongen slik at leiar og 2 styremedlemer veljast i år med partal. Nestleiar og eit av styremedlemene veljast i år med oddetal. Vararepresentantar skal veljast for 1 år av gongen.

Det skal haldast møte i styret etter ein oppsett plan. Styreleiar kan innkalla til møte utanom plan dersom dette er naudsynt. Referat frå siste møte, sakliste og andre sakspapir skal fylgje innkallinga. Vararepresentantar får tilsendt dei same dokumenta. Dagleg leiar for sentralen har møte- og talerett i styremøta.

Styret skal

1. Setje i verk årsmøte sine avgjerder.
2. Sørgje for at sentralen sine føremål og handlingsplanar blir følgde.
3. Ta initiativ til aktivitetar som er i tråd med planane som gjeld for sentralen.
4. Vere ein støttespelar for dagleg leiar.
5. Sørgje for at handlingsplanar reviderast eller opprettast kvart år.
6. Kontrollere at handlingsplan, årsmelding, budsjett og rekneskap, som er gokjend av revisor, og er på plass i god tid før årsmøtet.

Eigar skal informerast om saker som er av grunnleggjande karakter, saker som vil få økonomiske forpliktingar ut over dei rammene som er sett eller som forpliktar sentralen lengre enn til neste årsmøte.

§6. Dagleg leiing

Dagleg leiing skal mellom anna:

- Stå for dagleg drift av sentralen i samarbeid med styret.
- Vere sekretær for styret, føre protokoll og kalla inn til styremøte.
- Delta på årsmøte og styremøte.

§7. Formelt personalansvar for dagleg leiar

Det ligg til rådmannen å ivareta det formelle personalansvaret, til dømes tilsetting, lønsfastsetting og avskil.